

## NOTAT

OPPDRAG	<b>Langelandskogen og deler av Frekhaug nord Områdereguleringsplan</b>	DOKUMENTKODE	10200755-01-PLAN-NOT-003
EMNE	Medverknad: Ungdomsworkshop -samanfatting	TILGJENGELIGHET	Open
OPPDRAGSGIVER	<b>Meland kommune og Vest-land eiendom AS</b>	OPPDRAGSLEDER	Héctor Piña
KONTAKTPERSON	Kristin Nåmdal (Meland kommune) Stian Hviding (Vest-land eideom AS)	MEDARBEIDERE	Héctor Piña Linnea Kvinge Karlsen Torunn Åsheim
		ANSVARLIG ENHET	Arealplan og utredning Vest

## Medverknad: Ungdomsworkshop 15.05.2018

### 1 Innleiing

Dette notatet er ei samanfatting av medverknadsopplegget for ungdom som vart gjennomført den 15. mai 2018 i samband med områdeplanprosess for Langelandskogen og Frekhaug Nord i Meland kommune. Ungdom i kommunen deltok i ein workshop med tittelen «Korleis skal Frekhaug være fram i tid?».

I forkant av møtet vart det sendt ut invitasjon spesifikt til Ungdomsrådet, Meland ungdomsklubb og elevråda ved alle barne- og ungdomsskulene i kommunen, og det vart laga eit arrangement på Facebook. Arrangementet vart også delt på UngMeland og kommunen sine facebookssider, slik at flest mogleg fekk vite om det.



Figur 1-1: Invitasjonen til workshoppen som plakat og Facebook-arrangement

20.06.18	Medverknad: ungdomsworkshop samanfatting	LKK, TOAA	HEPB	HEPB
REV.	BESKRIVELSE	UTARBEIDET AV	KONTROLLERT AV	GODKJENT AV

Medverknad: Ungdomsworkshop samanfatting

### Kort om deltakarane

Totalt 17 ungdommar deltok på workshopen. Nokre av desse kom med gjengen inn etter dei hadde gjort registreringar ute. Frå starten av møtet var det 12 ungdommar som deltok. Ungdommane gjekk i 6-10.klasse, og var både uavhengige og dei representerte Ungdomsrådet, Ungdomsklubben og Ungdomslaget Varden. Blant skulene var Meland ungdomsskule og Grasdal skule representert.

Til stades på workshopen var det også to arealplanleggarar frå Meland kommune, Ingrid Raniseth og Alexander Helle, og kultur- og ungdomskonsulent Ane Bysheim. Sistnemte er godt kjent med fleire av ungdommane og hadde i forkant bidrige med å få ut invitasjonen til dei aktuelle deltakarane.

### Opplegget

Multiconsult og Meland kommune stod for arrangementet, som vart arrangert på kommunehuset i Frekhaug mellom klokka 17:00 og 20:00 tysdag 15. mai 2018.

Workshopen starta med at det vart servert pizza og drikke. Samstundes presenterte Multiconsult planprosessen og dei førebelse skissene så langt dei var kome. Deltakarane vart vidare introdusert for måtar å tenkje på med omsyn til å sjå etter kvaliteter og symbolikk i nærområdet.



Figur 1-2 Kartregistrering i fyrste delen av workshop

Etter presentasjonen fekk deltakarane utdelt ei kartoppgåve der dei skulle kartlegge eksisterande møteplassar og gangruter dei bruker til og frå skulen, venner/familie og møteplassar. Dei som budde lenger unna fokuserte på venneveger og veger til møteplasser, sidan dei går på skule andre stader. Ungdommane arbeidde flittig og viste god kartskjøn. Dei brukte god tid, slik at dei var sikre på at dei fekk teikna inn dei stadene og vegane/stiane dei bruker.

Deretter vart ungdommen delt inn i mindre grupper og dei vart sendt ut i det fine været. I den første uteoppgåva skulle dei gjennom bildar frå eigne mobiltelefoner formidle kva dei synes er symboler for Frekhaug, kva slags stader som er deira favoritt, kva dei saknar og stader med potensiale for å bli ein bra møteplass. I den andre oppgåva skulle dei gå saman i grupper og formidle kor den nye ungdomsskulen bør ligge og kvifor. Dei skulle også svare på kva dei eventuelt hadde likt å bruke skulen/skuleområdet til etter skoletid. Dei svara på oppgåva med bruk av bildar og video.



Figur 1-3 Dei gjekk ut i grupper og tok bildar og teikna i kart

Dei fleste sendte bildane/videoane på Messenger til Multiconsult slik at dei kunne bli lagt ut på instagramprofilen til prosjektet; **@frekhaug\_fram\_i\_tid**. Nokon la ut bildar på eigne Instagramprofiler.

Workshopen vart avslutta med ein felles gjennomgang tilbake på kommunehuset. Ungdommen var einige om at det var eit morosamt opplegg.

## OPPGAVE 2 (INDIVIDUELL)

- 2 A) Finn ting/steder som symboliserer Frekhaug.  
Ta 2-3 bilder og beskriv med 1 ord. Legg bildene ut på instagram og tag innleggene med **#frekhaugsymbol** og **@frekhaug\_fram\_i\_tid**. Marker stedene du tok bildene med punkt og oppgavenummer i utdelt kart.

- B) Finn ditt favorittsted på Frekhaug.  
Ta et bilde og skriv 1-3 ord om hvorfor. Legg bildet ut på instagram og tag innlegget med **#frekhaugfavoritt** og **@frekhaug\_fram\_i\_tid**. Marker stedet med punkt og oppgavenummer i utdelt kart.

- C) Hva savner du på Frekhaug?  
Ta 2-3 bilder som beskriver/symboliserer det du savner og beskriv med en setning til hvert bilde. Legg bildene ut på instagram og tag innleggene med **#frekhaugsakn** og **@frekhaug\_fram\_i\_tid**. Marker stedene tok bildene med punkt og oppgavenummer i utdelt kart.

- D) Finn et sted som kan bli en bra møteplass.  
Ta et bilde og beskriv med to setninger hvordan stedet kan bli en bra møteplass for ungdom. Legg bildet ut på instagram og tag innlegget med **#frekhaugmøteplass** og **@frekhaug\_fram\_i\_tid**. Marker stedet med punkt og oppgavenummer i utdelt kart.



Som alternativ til instagram kan bildene med tekst sendes til oss på e-post: [hector.pina.barrios@multiconsult.no](mailto:hector.pina.barrios@multiconsult.no) eller via messenger (Héctor Piña)

## OPPGAVE 3 (GRUPPEARBEID)

- 3 Framtidig ny ungdomsskole

Lag en morsom bildeserie eller en kort video (instagram-/snapchat-lengde) der du svarer på eller sier dine meninger om følgende spørsmål:

- Hvor i området bør den nye ungdomsskulen ligge? Hvorfor?
- Kan skolen/skoleområdet brukes til noe annet etter skoletid? Hva hadde du likt å bruke det til?

Ligg bildeserien/videoen ut på instagram og tag innlegget med **#nyungdomsskulefrekhaug** og **@frekhaug\_fram\_i\_tid**



Som alternativ til instagram kan bildeserien/videoen sendes til oss på e-post: [hector.pina.barrios@multiconsult.no](mailto:hector.pina.barrios@multiconsult.no) eller via messenger (Héctor Piña)

Figur 1-4: Bildane viser dei to uteoppgåvane som vart gitt. Utklipp frå PowerPoint-presentasjon.

Resultatet frå dei ulike oppgåvene gitt i workshoppen er samanfatta i neste kapittel med kart, tekster og bildar.

## 2 Resultat

### 1. Individuell kartoppgåve: Ungdomstråkk

I etterkant av workshoppen vart alle kartane som ungdommene lagde skanna og digitalisert. Det er deretter utarbeidd eit digitalt kart som viser ungdommen sitt samla ferdseksmønster, sjå Figur 2-1. Kartet viser at ungdommene har ein stor ferdelsradius. Dei beveger seg mykje mellom skule, klubben, Rema 1000/butikkar, busshaldeplassen og Meland aktiv. Badevika er også ein populær møteplass.



Figur 2-1: Samlekart som viser eksisterande møteplassar og ulike veger/stiar ungdommene bruker.

Medverknad: Ungdomsworkshop samanfatting



Figur 2-2: Utkippet viser nokre av dei mest brukte vegane/stiane og møteplassane. Møteplassane er i hovudsak sentrert rundt butikkane, klubben og busshaldeplassen. Ved sjøen er det fleire møteplassar.



Figur 2-3: Meland aktiv merker seg ut som ein viktig møteplass.

Medverknad: Ungdomsworkshop samanfatting

## 2. Individuell uteoppgåve

### 2a) Identitet/symboler for Frekhaug:


Ungdommane er oppatt av dei tydelige symbolene:

- Rema 1000 (det fyste man kjem til når ein kjem til Frekhaug)
- Rådhuset
- Nordgårdschløa
- 1000-årstreet
- Nordhordlandsbrua (utan brua hadde ikkje så mange budd på Frekhaug og det er artig å sykle over den)
- Skulpturene (f.eks. av Ivar Aasen)
- Treningsenterne: Max Fitness/Frekhaug Crossfit (berømd, skjer mykje der og det kjem folk langvegs frå for å trenere der)



**2b) Favorittstader/møtestader:**

- Rema 1000 (fikk flest stemmer) og Kiwi. (Begge fordi det er mat, stoler og det er varmt)
- Badevika sin volleyballbane
- Badevika, spesielt kaia (fint og eit bra sted å sitte)
- Esso bensinstasjon (fordi dei selger mat der, mange møtes der)
- Ungdomsklubben (UngMeland)
- Ved Kebaben (parasoller som er bra ved regn)
- Fossemyrane (idrettsområdet)
- Heime



Medverknad: Ungdomsworkshop samanfatting

**2c) Potensielle møtestader:**

- Meierihuset: dei gleder seg til den nye ungdomsklubben kjem i dette bygget
- Bussterminalen (møter folk som skal ta bussen)



Medverknad: Ungdomsworkshop samanfatting

**2d) Kva som saknas:**

- Områder/stader dei kan oppholde seg / sitte i le for regn/vind
- Ein park som er fin med benker, allé, sentrumsnært
- Ein hundepark (inngjerdet kor hundene kan løpe lause)
- Fleire matsteder (bla. Mc Donalds)
- Fleire butikker (bla. klesbutikker, lekebutikk)
- Sparebanken
- Generelt fleire aktiviteter
- Inneskøyting
- Ei ny og bedre skule med gode lærere, og ei finere skule
- Paintballbane
- Større og lukket busstopp (må ofte vente lenge på bussen)
- Stupetårn ved Badevika (innspill kom i etterkant av workshop via instagramprofilen)



### 3. Gruppeoppgåve – ny ungdomsskule

#### Plassering av skulen:

Alle forslaga til plassering av ny ungdomsskule er samla i eit eget kart, sjå Figur 2-4.

Ungdommane sine synspunkt:

- På «myrområdet» (mellan sentrum og Lonerenen)
- Nært butikken (f.eks. oppe på Rema 1000, då blir det lett å møtast før og etter skolen)
- Oppe i skogen for å skape et samlingspunkt øvst og ha nærleik til friområdet
- Midt mellom Frekhaug og det andre tettstedet i nord (Fosse).
- På Fosse (også nær for dei som bur på Flatøy og ikkje rett ved butikken)
- Solvang, sør for sentrum (ubebygd område bak Kiwi) fordi det er nær butikken, men ikkje så tett på alt anna i sentrum
- Mange har lang skuleveg. Skulen vil dei ha sentralt og nært busstoppet.
- Ikke så nær boliger (ingen liker å bu ved skolen)
- Kan være farleg å krysse vegen



#### Kva skal til for at dei skal henge i skuleområdet etter skuletid:

Dei ønskjer mange aktiviteter rundt skulen, til dømes: fotballbane, volleyballbane, tennisballbane, pingpongbane, isbane, ishockeybane, rugbybane og golfbane.

Medverknad: Ungdomsworkshop samanfatting



Figur 2-4: Samlekart som viser ønska lokaliteter for ny ungdomsskule.

### 3 Oppsummering

Workshopen som vart halda for ungdommane i Meland var eit vellykka arrangement med aktiv deltaking. Ungdommane har mange meningar om sitt nærområde.

Generelt uttrykte ungdommane at dei føler lite skjer på Frekhaug, og mange reiser med bussen til andre stader for å oppleve meir. Busshaldeplassen er difor ein viktig møtestad. Andre møtestader som merker seg ut er Rema 1000 (som fleire kalla møtested nr. 1), ungdomsklubben, Max fitness og Meland aktiv. Ungdommane er også aktive på tur og har møtestader ved sjøen.

Når det gjeld plassering av ny ungdomsskule, så har ungdommane delte meningar. Nokon vil ha den sentralt, medan andre føretrekker kortare avstand til andre tettstader og/eller ei fin plassering. Dei er opptekne av tilgjenge til buss og dei andre stadene dei møtast. Dei har mange forslag til aktivitetar som kan leggast til den nye ungdomsskulen.

### 4 Kjelder

Digitale kart er utarbeidd av Multiconsult.

Bildane som ikkje er merka med figurtekst er bildar teke av ungdommane sjølv under workshopen.